

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon – Informasjonstryggleik

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020, vedteken av fylkestinget 19. oktober 2018 i sak 33/18. Forvaltningsrevisjon informasjonstryggleik er andre prosjekt i denne planen.

Formål

Formålet med prosjektet er å undersøke om Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein tilfredsstillande informasjonstryggleik.

I rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 står det:

Informasjonstryggleik

- Styringssystem
- System og rutinar
- Oversikt over personopplysningar

Forslag til problemstillingar

1. Er det utarbeidd klare krav til IT sine leveransar av IKT-tenester til fylkeskommunen, og er desse i tråd med fylkeskommunen sin IT-strategi?
2. Har fylkeskommunen eit føremålstenleg styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i lov knytt til:
 - ✓ Elektronisk behandling av personopplysningar
 - ✓ Bruk av personnummer og liknande identifikasjonsmiddel
3. I kva grad kjenner dei tilsette til retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik?
4. Er det etablert trygge rutinar for – og kontroller av – brukartilgangar dvs kven av dei tilsette som skal ha tilgang til fylkeskommunen sine ulike informasjonssystem?
 - ✓ Rutinar for innmelding og utmelding
 - ✓ Rutinar for vurdering om alle har riktig tilgang til aktuelle system, nettverk, program og data?
 - ✓ Rutinar for loggføring av brukt tilgang og for sporing av bruk?
5. Er det etablert trygge rutinar for sikring av fylkeskommunen sine data?
 - ✓ Rutinar for gjenskaping av data

- ✓ Rutinar for sikkerheitskopiering av informasjon
 - ✓ Reserveløysingar for maskinvare
6. Har fylkeskommunen trygge rutinar for lagring, oversikt og behandling av personopplysningar?

Revisjonskriterium

Revisor vert oppmoda om å få på plass og gjennomgå revisjonskriteria, eventuelt i samråd med kontrollsjef. Endelege revisjonskriterium vert bestemt i kontrollutvalet si handsaming av prosjektplanen.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Utvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd snarast, slik at leiar i kontrollutvalet i samråd med kontrollsjef får godkjent prosjektplanen i god tid til at rapport kan leverast innan tidsfrist.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 6. mai 2019 for handsaming i kontrollutvalet 28. mai.

Stad:.....

Dato:.....

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune